

Protokollar

1998

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR tysdag 25/5-99 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Eldar Høydalsvik
Ingrunn Humberset
Ola Perry Saure
Einar Flø
Kai Raaberg
Petra Humberset
Bente Vatne
(Hilde Tømmerbakk møtte ikkje)

Ove Lid
Petter Bjørdal
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste. Deltakarlista frå siste møte vert korrigert.

Sak nr. 05-99: Årsmelding og rekneskap for 1998

Representantskapet gjekk detaljert igjennom årsmelding og rekneskap for 1998. Det vart bedt om å ta med ein kommentar i årsmeldinga til kostnadene for avslutninga i Alida.

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet i Volda - Ørsta Reinhaldsverk godkjenner rekneskapen for 1998 med eit underskot på kr. 564.293,- i samsvar med tilrådinga frå styret. Underskotet vert å dekke inn over budsjetta for 1999 og 2000:

Representantskapet godkjenner også styret si årsmelding for 1998.

Representantskapet viser til at styret har nytta overskotet på drifta av slamtøminga til delvis dekking av underskotet ved drifta av dei andre tenestene som Reinhaldsverket yter. Representantskapet meiner at for framtida må overskotet på drifta av slamtøminga gå til eige fond for finansiering av ei varig løysing av slamhandteringa.

R-sak nr. 06-99 Ymse

Styrelen orienterte om:

- drifta av selskapet i ein overgangsfase.
- rekneskapsoversyn for 1. kvartal 1999
- intern organisering
- arbeidet med selskapsforma.
- tillaging av uteområdet.
- eventuelt.

Representantskapet tok orienteringa til vitande.

Representantskapet ynskjer å gi ros til tilsette i VØR til måten dei har takla innsamling og administrering av VØR på denne våren.

Møtet heva 20.30.
Ref. Kjetil Årøen

Petra Humberset

Einar Flø

MØTEBOK REPRESENTANTSKAPET

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 8/12-98 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ivar Aarskog (for Ola Perry Saure)
Kai Raaberg
Eldar Høydalsvik
Petra Humberset
Einar Flø
Ingrunn Humberset
(Bente Vatne meldte forfall)
(Hilde Tømmerbakk meldte forfall)

Ove Lid
Kjetil Årøen

Leiar ønskte velkomen, og det var ikkje merknader til innkalling, sakliste.

R-sak nr 15/98: Rapportering om meirkostnader, sorteringhall

Styreleiar og driftsleiar orienterte om rapporten som er utarbeidd i samarbeid med dei som var engasjerte i prosjektet.
Representantskapet tok orienteringa til vitande, og rådde til at rapporten vert sendt over til kommunane i "full" versjon.

R-sak nr. 16/98: Endringa av forskrift

Kravet om "samanhengande fråvær" i § 10 d) i gjeldande renovasjonsforskrifter, har ein ordlyd som fører til mange "utilsikta" avslag på søknader om fritak. Etter tilråding frå styret gjorde representantskapet følgjande samrøystes vedtak om endring:

Representantskapet i VØR rår kommunane til erstatte delar av teksten i § 10 d) med følgjande tekst:

§ 10d)

Hus som ikkje vert nytta heile eller delar av året kan etter søknad få nedsett gebyr med:

*25 % for 3-6 mnd
50 % for 6-9 mnd
75 % for 9-12 mnd
100% for 12 mnd*

Einar Flø

Ettøy daturh

Fritaket / reduksjon gjeld innanfor eitt kalenderår, men reduksjon kan også innvilgast for samanhengande periode over eit årsskifte.

Gebyret skal dekke...osv.

Ref. Kjetil Årøen

Rinne Flø

E. Høyden

MØTEBOK REPRESENTANTSKAPET

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 13/10-98 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ola Perry Saure
Bente Vatne
Kai Raaberg
Einar Flø
Ingrunn Humberset
Øyvind Bjordal (delvis)
(Hilde Tømmerbakk meldte forfall)
(Petra Humberset meldte forfall)

Ove Lid
Kjetil Årøen

(Representantskapet er vedtaksføre med fem politiske valde medlemmer. Sakene frå nr. 10 t.o.m. nr. 14 vart gjort med fem medlemmer til stades)

Leiar ønskte velkomen, og det var ikkje merknader til innkalling, sakliste. Deltakarlista i utsende møtebok var ikkje fullstendig og vert korrigert.

R-sak nr: 09/98: Korrigering av budsjettet for 1998

Vedtak i styret i sak 27/98:

Følgjande samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner endringane i det reviderte budsjettet for 1998. Ein syner til inndecking av underskotet over to år, med første halvdel i 1999- budsjettet. Styret rår representantskapet å gjere likelydande vedtak.

Representantskapet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Representantskapet syner til tilrådinga om det reviderte budsjettet for 1998, og godkjenner det slik det ligg føre.



R- sak nr.: 10/98: Godkjenning av byggerekneskapen for sorteringshallen

Representantskapet gjekk igjennom hovudpostane i prosjektet og fekk forklart årsakene til overskridingane i prosjektet, og kva tiltak som vart gjort for å avgrense overskridingane.

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet i VØR syner til utgreiinga frå styret om kostnadene ved bygging av sorteringshallen.

Representantskapet godkjenner byggerekneskapen slik det ligg føre.

Ein vil be styret om at eventuelle framtidige byggeprosjekt vert kvalitetssikra på ein god måte både når det gjeld kostnadsgrunnlag og oppfølging under byggeperioden.

R-sak nr. 11/98: Opptak av lån for restfinansiering av sorteringshallen

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet i VØR søkjer Volda og Ørsta kommunar om å ta opp lån stort kr . 1 635 000,- til fullfinansiering av sorteringshallen. Lånet vert teke opp hjå Kommunekredit til gjeldande marknadsrente og nedbetalt over 20 år.

Lånet vert delt på kommunane med like delar kvar.

R-sak nr. 12/98: Kjøp av krokbil og opptak av lån for finansiering av denne

Representantskapet drøfta dei moment som vart lagt fram av styret og administrasjon for å gå til investering av ein krokbil. Representantskapet var delt i synet på om det er rette tidspunktet å gjere denne investeringa no, i og med at det vert arbeidd med ein avfallsplan for kommunane. Mindretalet i representantskapet ynskte å forlenge kontrakten med noverande transportør, inn til vidare.

Vedtaket lyder:

Framlegg frå leiar:

Representantskapet syner til styret si utgreiing og vedtak for kjøp av krokbil og opptak av lån til finansiering av denne.

Representantskapet ynskjer ikkje å gjere vedtak i denne saka no. Ein ynskjer at reinhaldsverket og kommunane får høve til å drøfte avfallsplanen og framtidig organisering / drift av reinhaldsverket i ein samanheng.

Framlegget fekk to røyster: Ola Perry Saure og Einar Flø

Tilråding frå styret:

Representantskapet syner til styret si utgreiing og vedtak for kjøp av krokbil og opptak av lån til finansiering av denne.

Representantskapet i VØR søker Volda og Ørsta kommunar om å ta opp lån, stort kr. 1.650.000,-, til investering av krokobil med naudsynt utstyr for å utføre konteinartransporten i eigen regi. Lånet vert teke opp hjå Kommunekredit til gjeldande marknadsrente og med 10 års nedbetalingstid. Lånet vert delt mellom kommunane med like delar kvar.

Tilrådinga fekk tre røyster: Kai Raaberg, Ingrunn Humberset, Bente Vatne.

R-sak nr. 13/98: Budsjett og gebyr for 1999

Representantskapet fekk ein gjennomgang frå styreleiar og driftsleiar om årsakene til den kraftige auken i gebyra for neste år. Ein gjekk også igjennom dei låna som er nye i framlegget. Representantskapet bad om at årsakene til auken, som i all hovudsak skuldast eksterne tilhøve, kjem klart fram i saksutgreiinga til kommunane.

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet i VØR godkjenner framlegget til budsjett og gebyr for 1999.

Gebyra vert som fylgjer:

1 HUSHALDNINGSGEBYR	1440	
SKVETT'N	51	
KJØLEMØBLAR	40	
GROVAVFALL	169	
SUM HUSHALDNINGSGEBYR	1700	
<hr/>		
2 REDUKSJON FOR HEIMEKOMPOST	300	
3 PRIS PR KOLLI/SEKK, HUSST.	30	
4 GROVAVFALL (PR.TONN)	1750	1450 (sortert)
5 GEBYR FOR NÆRINGAR	2050	
6 PRIS PR. TONN LEVERT VØR	1700	
6,1 PRIS PR. TONN, ISOPOR	3500	
6,2 SORTERINGSGEBYR PR. TONN	500	
7 PRIS PR KOLLI, NÆRING	41	
8 ÅRSGEBYR FOR 120 LITERS DUNK	2050	
9 ÅRSGEBYR FOR 340 LITERS DUNK	6150	
10 ÅRSGEBYR FOR 660 LITERS DUNK	10250	
11 ÅRSGEBYR FOR 1000 LITERS DUNK	16400	
12 SLAM:		
GEBYR FOR EIN HUSTAND	1200	
GEBYR FOR TO HUSSTANDAR	1538	
GEBYR FOR TRE HUSSTANDAR	1924	
PR. M3	200	
		ALLE SUMMAR ER UTAN MVA

Representantskapet syner til eige saksnummer når det gjeld låna som er med for neste års budsjett.

R-sak nr 14/98: Låneramme 1999

For å få betre oversikt over dei låna som er med i budsjettet for 1999, har ein valt å samle desse i ein låneramme for oversending til kommunane.

Låna er også spesifiserte i låneoppsettet i sak nr 13/98, og dei vedtak som er gjorde i styret / representantskapet er refererte under dei respektive saksnummera.

Vedtak i sak 14/98 var samrøystes med følgjande merknad:

Ein gjer merksam på at R-sak 12/98, som gjeld "krokbil m/ utstyr", inneheld eit alternativ framlegg om å utsette saka. Dette framlegget fekk to røyster (sjå eiga sak).

Vedtak:

Representantskapet i VØR søker Volda og Ørsta kommunar om å ta opp lån til saman stort kr. 4 145 500, etter følgjande oppsett:

Teknisk utstyr:

	Sum	Nedbetalingstid	Låneinstitusjon
"Krokbil"m/utsyr	1 650 000,-	10 år	Kommunekredit
Ballepresse	250 000,-	5 år	Kommunekredit
Krokkasser (10 stk)	410 000,-	5 år	Kommunekredit

Anlegg:

Sorteringshall (restfinansiering)	1 635 500,-	20 år	Kommunekredit
Uteareal	200 000,-	20 år	Kommunekredit

Lånevilkår: Gjeldande marknadsrente

Total sum på lånesøknaden er 4 145 500,- kroner som delast med 50 % på kvar av kommunane.

Kari Raaby

MØTEBOK REPRESENTANTSKAPET

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 27/1-98 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ivar Aarskog (for Ola Perry Saure)
Hilde Tømmerbakk
Kai Raaberg
Petra Humberset
Nils Skuset (for Eldar Høydalsvik)
Einar Flø
Ingrunn Humberset
Ove Lid
Kjetil Årøen

Leiar ønskte velkomen, og det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

R-sak nr. 01/98: Personal sak, anken mot Knut B Aarseth, B-sak

Representantskapet tek orienteringa til vitande, og støttar den strategien som styret har lagt opp til der første steg er å prøve å få til ei minneleg ordning

R-sak nr. 02/98: Organisasjonsutvikling i VØR

Representantskapet signaliserer til styret at ein bør nytte arbeidstakarorganisasjonen i større grad i arbeidet som er skissert i sakspapira.

Møtet heva kl. 20.45

Ref. Kjetil Årøen

*Hilde Tømmerbakk
Ivar Aarskog*

MØTEBOK

Det vart halde møte i styret i VØR onsdag 24/3-99 kl. 16.00 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid

Ingrid Opedal

Ove Standal

Geir Hole

(Jorunn Austrheim meldte forfall)

Einar Flø

Kjetil Årøen

Petter Bjørdal

Sak nr. 10-99: Rekneskap og årsmelding for 1998.

Styret gjekk detaljert igjennom rekneskapen slik han låg føre. Styret drøfta spesielt om bruken av "slampengane", og valde å nytte desse til å dekke underskotet på drifta for 1998. Årsmeldinga vart ikkje handsama i dette møtet.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner, med atterhald om godkjenning frå revisor, rekneskapen slik han ligg føre med eit underskot på kr 564.294. Ein syner til budsjett 99 for delvis inndekking av underskotet.

Styret rår representantskapet til å gjere tilsvarende vedtak.

Sak nr. 11-99 : Klarering / fordeling av ansvar i perioden utan dagleg leiar.

Styret drøfta situasjonen som har oppstått i og med at Kjetil Årøen har sagt opp stillinga si som driftsleiar, og at Petter Bjørdal tek til først 1/6-99. VØR får her to månader utan leiar. Styret gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Styret var samde om at Gunn Velle, i kraft av å vere nestleiar i VØR, tek ansvar for interne saker, medan styreleiar frontar dei eksterne (media o.l).

Styret inngår ein avtale med Årøen, der han skal avslutte ein del arbeid, til ein fast timepris på kr 280 pr time. Årøen vurderer kva oppgåver dette gjeld.

I samband med lønsforhandlingar for driftsleiar, godkjenner styret at Årøen får etterbetalt mellomværet mellom lønstrinn 50 og 53 (lønstrinn 53 tilsvarar lønsplassering for ny dagleg leiar) frå 1/11-98 fram til 31/3-99.

Sak nr 12-99: Brev frå Forbrukarkontoret

I saka om levering av grovavfall frå Elias Breivik, mottok VØR eit brev frå Forbrukarkontoret der Breivik fekk støtte.

Styret gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR ettergjev kravet på Elias Breivik på levering av to tonn grovavfall . Styret grunngev dette med noko usikker informasjon på konteinarlevering.

Styret avslutta møtet med nokre ord frå styreleiar og middag på Volda Turisthotell, til "ære" for avtroppande driftsleiar.

Ref. Kjetil Årøen (som med dette takkar for meg!)

MØTEBOK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 15/12-98 kl. 14.30 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid
Magnar Lid
Ingrid Opedal
Geir Hole

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.
Olav Baarøy og Trygve Ebbesvik tok del i delar av møtet.

Sak nr. 39/98: Rapport om sorteringshallen

Samrøystes vedk lyder:

Styret i VØR godkjenner rapporten slik han ligg føre.

Sak nr. 40/98: Pressemelding

Baarøy og Ebbesvik la fram eit utkast til pressemelding som tilsvar på den kritikken som kom fram i pressa, i hovudsak frå Lars Tunheim.

Styret godkjende samrøystes utkastet med mindre endringar.

Utkastet vart også presentert for Austrheim, som

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 26/11-98 kl. 15.00 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid
Magnar Lid
Ingrid Opedal
Geir Hole
Jorunn Austrheim

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Sak nr. 33/98: Oppsummering etter folkemøtet

Styret drøfta dei erfaringar og inntrykk som ein sat att med etter at ein hadde gjennomført eit "folkemøte" på Ørsta Samfunnshus.

Styremedlemene gav uttrykk for at ein var fornøgd med opplegget, og at det truleg var rett måte å møte kritikarane på.

Sak nr 34/98: Informasjonsprosjekt

I forlenginga av sak nr 33/98, ser ein trongen for eit betre opplegg på informasjonen / kommunikasjonen med brukarane av VØR.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR ber firma Olav Baarøy å gjennomføre eit forprosjekt, der ein ber om fokus på kva tiltak som kan gjerast for å betre kommunikasjonen med brukarane. Styret set ei ramme på inn til 10.000,- kroner.

Sak nr. 35/98: Godkjenning av lønsforhandlingar og lønsoppgjeret vidare

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner forhandlingsresultatet med dei tilsette i VØR etter 5,0 og 5,1 forhandlingar, styret syner til protokoll datert 28. oktober for resultatet av forhandlingane.

Styret opnar for 5.3 og 5.4 drøftingar for dei uorganiserte stillingane i VØR.

Sak nr 36/98: Diverse vedk. gebyrtolkingar vart utsett

Sak nr 37/98: Kapasitet i administrasjonen

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner at ein leiger inn naudsynt kapasitet for å få slutført arbeidet med registreringa av gebyreiningar hjå husstandane før årsskiftet.

Sak nr. 38/98: Framtidige papirleveransar

Styret fekk ei kort orientering om tilbodet frå Norske Skog.

Sak nr. 39/98: Rapport om sorteringshallen

Saka vart utsett til neste møte

Møtet heva kl 17.45

Ref: Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 15/10-98 kl. 15.00 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid
Magnar Lid
Ingrid Opedal
Geir Hole
Jorunn Austrheim

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

B- sak nr. 31/98: Personalpolitiske synspunkt

Styret drøfta generelt personalsituasjonen i VØR, og dei utfordringar ein står overfor for at organisasjonen skal fungere best mogleg.

Styret finn det vanskeleg å gjere naudsynte vedtak, i og med at det er tilsette som er ute på langtidssjukmelding, og som det er noko uvisst om vedkomande kjem att, og eventuelt kva oppgåver vedkomande kan utføre dersom han kjem att.

Styret vurderte det også slik at ein vil utsette eventuelle lønskrav / lønsjusteringar til ein får avklara situasjonen som nemnt over.

Sak nr 32/98 : Ymse

Styret utnemner Geir Hole og Ove Lid som forhandlingsnemnd for VØR i lønsoppgjeret.

I samband med registreringa av næringar etter dei nye forskriftene, vedtek styret å sette ei førebels nedre grense på eitt årsverk.

Ref.

Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 1/10-98 kl. 15.00 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid
Magnar Lid
Ingrid Opedal
Geir Hole
Jorunn Austrheim

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Sak nr. 28/98: Budsjett og gebyr for 1999

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner framlegget til budsjett og gebyr for 1999 og rår representantskapet om å gjere likelydande vedtak.

Gebyra vert som følgjer:

1 HUSHALDNINGSGEBYR	1440	
SKVETT`N	51	
KJØLEMØBLAR	40	
GROVAVFALL	169	
SUM HUSHALDNINGSGEBYR	1700	
2 REDUKSJON FOR HEIMEKOMPOST	300	
3 PRIS PR KOLLI/SEKK, HUSST.	30	
4 GROVAVFALL (PR.TONN)	1750	1450 (sortert)
5 GEBYR FOR NÆRINGAR	2050	
6 PRIS PR. TONN LEVERT VØR	1700	
6,1 PRIS PR. TONN, ISOPOR	3500	
6,2 SORTERINGSGEBYR PR. TONN	500	
7 PRIS PR KOLLI, NÆRING	41	
8 ÅRSGEBYR FOR 120 LITERS DUNK	2050	
9 ÅRSGEBYR FOR 340 LITERS DUNK	6150	
10 ÅRSGEBYR FOR 660 LITERS DUNK	10250	
11 ÅRSGEBYR FOR 1000 LITERS DUNK	16400	

12 SLAM:

GEBYR FOR EIN HUSTAND	1200
GEBYR FOR TO HUSSTANDAR	1538
GEBYR FOR TRE HUSSTANDAR	1924
PR. M3	200

**ALLE
SUMMAR ER
UTAN MVA**

(Vedlegg til sak: Budsjett 1999)

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 15/9-98 kl. 18.00 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid
Magnar Lid
Ingrid Opedal
Geir Hole
Jorunn Austrheim

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til møtebok, innkalling eller sakliste.
Det vart bestemt at ny møtedag skal vere kl. 15.00 på torsdagar.
Ein skal unngå datoane 24/9,22/10,19/11 og 17/12 pga kommunestyremøte i Volda.

Sak nr 26/98: Investering i krokbil

Styret drøfta saka og reknestykket frå administrasjonen grundig.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i Volda Ørsta Reinhaldsverk rår representantskapet om å søkje Volda og Ørsta kommunar om å få ta opp lån, stort 1.650.000,- kroner, til investering av krokbil med naudsynt utstyr for å utføre konteinertransporten i eigen regi. Lånet vert teke opp hjå Kommunekredit til gjeldande marknadsrente og med 10 års nedbetalingstid.

Sak nr. 27/98: Justert budsjett for 1998

Følgjande samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner endringane i det reviderte budsjettet for 1998. Ein syner til inndecking av underskotet over to år, med første halvdel i 1999- budsjettet. Styret rår representantskapet å gjere likelydande vedtak.

Sak nr. 28/98: Budsjett og gebyr for 1999

Saka vart utsett til neste møte

Sak. nr.29/98: Medlemskap i Sti Ørsta Næringskontor

Saka vart utsett til neste møte

Sak nr. 30/98: Ymse

Ingen saker under ymse

Ref: Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 1/9-98 kl. 09.00 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid
Magnar Lid
Ingrid Opedal
Olaug Håskjold (Geir Hole meldte forfall)
Jorunn Austrheim

Einar Flø (delvis)
Kjetil Årøen

Sak nr 19/98: Økonomisituasjonen i VØR

Den turbulente tida med store rentehopp får store innverknader for økonomien i VØR. VØR fekk vitjing av representantar for Kreditkassen lokalt (Sindre Rotevatn) og Kommunkredit (Knut Meier), som snakka ein del om bakgrunnen for uroa, og freista å spå noko om framtida.

Styret tok orienteringa til vitande.

Sak nr. 20/98: Oppjusteringa / tilplantinga av miljøstasjonen

Styret i VØR var positive til utspelet frå Ingrid Opedal om tiltak for å oppjustere anlegget rundt bygningane på Miljøstasjonen.

Den økonomiske stoda hindrar dei store tiltaka, men styret rår til, som ein start, å bruke delar av ei stilling på å plante til skråninga i bakkant med planter frå området.

Det skal hentast inn pristilbod på ein natursteinsmur nedom kontorbygget.

Sak nr. 21/98: Anbod på leigetransport

Styret er i sterk tvil om ein skal gå ut på nytt anbod eller investere for å utføre denne transporten sjølve frå 1999.

Det var lagt fram svært begrensa saksutgreiing, og styret bad administrasjonen om ein ny gjennomgang til neste møte.

Sak. nr.22/98: Tolking av forskrifter

Styret gjorde følgjande vedtak:

Bedrifter:

Bedrifter som ynskjer å utføre transporten av avfall sjølve til VØR kan gjere det. Då vert det pålagde gebyret sett på som delbetaling for levert mengde, men med gebyret som minstetakst pr. år.

Private:

Når borna i heimen nyttar eigne bueiningar i huset til sove/ opphaldsrom skal administrasjonen skilje på alder. Dersom "borna" er myndige skal det betalast gebyr for bueininga etter gjeldande reglar

Generelt:

Administrasjonen utarbeidar eit framlegg der ein stryk kravet om samanhengande fråvær ved søknad, og legg inn ei ny setning om at fråvær over eit årsskifte kan "samlast opp" og godkjennast.

Sak nr. 24/98: Ymse

Det vart ikkje teke opp andre tema i møtet

Møtet heva kl. 14.00

Ref. Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 16/6-98 kl. 15.00 på Miljøstasjonen.

Desse var tilstades:

Ove Lid
Magnar Lid
Ingrid Opedal
Geir Hole
(Jorunn Austrheim meldte forfall)

Einar Flø
Kjetil Årøen

Sak nr 15/98: Tilsetting av sekretærvikar

VØR fekk inn tre søknader til vikarstillinga i samband med svangerskapspermisjon for Gunn Velle.

Desse var: Trude Sandvik, Iren Eikrem og Hege Welle
Alle søkarar var godt kvalifiserte til jobben.

Styret i VØR gjorde følgjande vedtak (mot ei røyst, Geir Hole):

**Styret i VØR vedtek å tilsette Hege Welle i vikariatet for Gunn Velle. Hege Welle får det mynde og ansvarsområde som ligg til instruksjonen for stillinga.
Welle vert lønsplassert tilsvarande Gunn Velle med justering for talet på praksisår.**

Sak nr. 16/98: Leigetransport

Følgjande samrøystes vedtak vart gjort:

**Styret seier opp transportavtalen med Vartdal Transport frå 1/7-98.
Styret bed administrasjonen om å arbeide ut alternative løysingar, og presentere desse i eit seinare møte.**

Sak nr. 17/98: Ymse

Det vart teken opp ein søknad som gjekk på refusjon for heimekompostering, trass i at kompostbingen ikkje var lokalisert på eigedomen det vart søkt om (bingen var plassert på ein gard / fritidseigedom).

Fleirtalet i styret kunne ikkje sjå at dette er noko hinder for å gi refusjon etter gjeldande reglar.

Ref Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 19/5-98 kl 13.00 på Miljøstasjonen.

Desse var tilstades:

Ove Lid
Bjørn Øren (for Magnar Lid)
Ingrid Opedal
Geir Hole
Jorunn Austrheim

(Einar Flø meldte forfall)
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til sakliste og innkalling. Ingrid Opedal bad om å få inn i møteboka eitt punkt som gjaldt det anareobe prosjektet.

Før ein gjekk i gang med dei opprinnelege sakene gjekk styret i gjennom brev til kommunane der ein orienterer om overskridingane på sorteringshallen.

Sak nr 12/98: Tolking av forskrifter

Styret har i to møter drøfta korleis dei nye forskriftene skal tolkast i dei ulike tilfella. Dei vedtak styret har gjort her er samla i denne saka.

Samrøystes vedtak lyder:

Næringar som sjølve leverer avfallet til Miljøstasjonen skal i tillegg ha minimum eitt gebyr. Ein "leveringsavtale" (parantes i §10) kjem altså inn som alternativ for fleire enn eitt gebyr.

Studentsamskipnaden vert sett på som næring, og må ha minst eitt gebyr. Dei kan då i tillegg nytte innarbeidde leveringsavtalar.

Fylkessjukehuset produserer mykje forbruksavfall, men køyrer det i dag direkte til forbrenning. Kommunene har monopol på forbruksavfallet og styret i VØR bed administrasjonen ta dette opp med Fylkessjukehuset.

I kontorfellesskap og handlesenter er det huseigar som er formell abonnent (heimelshavar for gards og bruksnr.) Styret handhevar då §10 i forskriftene slik at ansvaret for renovasjon ligg på huseigar og at det skal vere minst eitt gebyr pr leigetakar.

For utleigehytter gjeld fylgjande: det skal betalast 1/3 gebyr pr. hytte i sesongen.

Dei næringar som har "heimkontor" kan dekke seg under det ordinære gebyret (hushaldningsgebyret) på eigedomen. Dette forutset at det er eit kontor og ikkje produksjonslokale av nokon art.

Sak nr. 13/98: Anbud på transport.

Styret gjekk igjennom dei ulike alternativa som ein har, og gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR ser det som viktig å sikre arbeidsplassar og ber administrasjonen om å sjå på kostnader med å leige /lease naudsynt utstyr for å ta over transporten sjølv; i første omgang med eit utgangspunkt i ein periode på to - tre år.

Sak nr. 14/98: Ymse

Styret forfatta eit brev til firma Per Mulvik As der ein ytra missnøye med dei overskridingane som kom i samband med oppføringa av sorteringshallen. Styret meiner at desse i hovudsak skuldast feil i anbodsmaterialet.

Samrøystes vedak lyder:

Stein Egset får på lik linje med dei andre faste sjåførane plassering i lønstrinn 20. Dette gjeld i perioden som Egset vikarierer for Ove Standal (1/12-97 - 1/12-98).

Samrøystes vedtak lyder:

Under føresetnad av at Hege Welle vert tilsett som vikar for Gunn Velle, gir styret henne naudsynte fullmakter som går på attesting / tilvising av faktura og K-linksystemet.

Anke på avslag frå Kåre Johan Lid:

Styret gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR kan ikkje imøtekomme anken med fylgjande grunngjeving: Huset har to registrerte gebyreiningar, og begge er i bruk. Styret sender anken vidare til handsaming i Volda kommune.

Magne Aarflot har sendt eit krav på å få dekt tap av fersk fisk til ein verdi av 300 kroner. Fisken var plassert ute i ein merka bossekk, og styret ser ikkje at VØR kan lastast for tapet. Like fullt så tilbyr styret å dekke 50% av kravet.

Møtet heva kl. 15.45.

Ref. Kjetil Årøen

MØTEBOK FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK 1998

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 3/3-98 kl 13.00 på Miljøstasjonen.

Desse var tilstades:

Ove Lid
Magnar Lid
Ingrid Opedal
Jorunn Austrheim

Einar Flø
Anders Digernes (delvis tilstades i møtet)
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til sakliste og innkalling. Av praktiske årsaker vart saka som gjaldt byggeprosjektet handsama først.

Sak nr 01/98: Oppsummering etter personalsaka

Denne saka vart utsett til eit seinare møte.

Sak nr 02/98: Organisasjonsgjennomgang?

Styret i VØR gjorde fylgjande vedtak:

Styret i VØR syner til vedtak i Volda kommune om gjennomgang av selskapsforma i VØR. Styret vurderer å knyte gjennomgangen av intern organisasjon til dette arbeidet, og vil kome attende til gjennomgangen når kommunane har starta opp.

Sak nr. 03/98: Utsendingar til ymse konferansar...

Styret sender fylgjande utsendingar:

Årsmøte / temadag avfallsforum: Ove Lid, Ingrid Opedal, Kjetil Årøen
NRF - avfallskonferanse: Ove Lid, Einar Flø, ein frå dei tilsette, Kjetil Årøen

Sak nr. 04/98: Førebels tal for rekneskap 97 og byggerekneskap, sorteringshall

Anders Digernes (byggeleiar) orienterte om dei overskridingane som har funne stad i bygginga av sorteringshallen. Han la ved eit skriv som dokumentasjon på dette. Styret drøfta årsaker, kva som kunne ha vore gjort annleis, og kva ein gjer vidare. (Digernes forlet så møtet)

Styret gjekk vidare gjennom rekneskapstala for 1997, og ein tok orienteringa til vitande.

Sak nr. 05/98: Innspel frå styret om vidare investeringsplan opp mot den økonomiske situasjonen i VØR

Det vart ikkje gjort konkrete vedtak i denne saka, men styret ynskte å få lagt fram kostnader ved å kjøpe ei presse til ymse fraksjonar.

Sak nr. 06/98: Diverse søknader

Styret handsama ymse søknader om fritak. M.a. søknad frå Ivar Skare, der ein sende saka over til kommunen for uttale der.

I tillegg gjorde styret fylgjande prinsipielle vedtak:

- styret vil handsame §10 d) i dei nye renovasjonsforskriftene slik at ein ikkje treng å vere *samanhengande* vekke for å få innvilga fritak

- styret set ei øvre grense på levering av grovavfall frå private til 1000 kg pr. år pr. abonnent.

Sak nr. 07/98: Ymse

Det vart ikkje teke opp noko under denne saka

Ref. Kjetil Årøen

PRESSEMELDING frå styret i Volda /Ørsta Reinhaldsverk

Til
Ordføraren i Volda
Ordføraren i Ørsta
Avisa Møre
Avisa Møre- Nytt

Kva er gale OM VØR ?

Svar til artikkel – Kva er gale med VØR ?

Ein politikardelegasjon frå Volda har studert avfallshandteringa hjå Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) og kjem i avisa Møre den 10.12 med ei kritisk samanlikning av forholda i Volda/ Ørsta Reinhaldsverk (VØR). Avisa Møre fylgjer opp med ein reportasje om sorteringshallen til Søre Sunnmøre Reinhaldsverk den 12.12.

Skal ei samanlikning vere reell må ein ta med i vurderinga kva som ligg både i og bak dei forhold ein skal samanlikne. Dessutan bør politikarar og lokalavis vere sikre på at dei opplysningar ein legg til grunn for sin vurdering og kritikk er haldbare. Her er det så store manglar at styret for VØR finn å måtte kome med nokre opplysningar .

Faktiske feilopplysningar

1. Lars Tunheim påstår at SSR for 7,2 mill, eller omlag same summen som VØR har nytta til sin sorteringhall, har fått ein hall som er 3 gonger så stor. Dei faktiske tala for dei respektive hallane med inventar er:

SSR 15.5 mill

VØR 8,8 mill

VØR sitt prosjekt var planlagt til 1200 kvm, men seinare redusert til 1000 kvm grunna byggekostnadene SSR sin hall er 2300 kvm.

2. I begge hallane vert det sortert om lag same type avfall, men i ulik mengde ut frå lokal levering. Begge anlegga handterer avfallet svært likt, same type avfall vert sortert ut og vert sendt til gjenvinning. Det er ikkje slik at VØR må betale for det SSR tener pengar på. Boset er diverre ikkje så godt betalt lenger, gjenvinningsmarknaden er i fritt fall. Dette vil gjelde begge anlegga.

Skilnad i handtering ligg i at VØR ikkje har ei finsorteringslinje, der ein skil ut papp, kartong og to plastfraksjonar. Det ville ikkje vere forsvarleg med VØR sin avfallsmengd å bygge ei slik linje. SSR har også ei eiga presse til kr 800.000. På desse felta har VØR til no kjøpt kapasitet, men har no søkt om lån til ei presse som kostar omlag kr 200.000,- Når VØR får presse vil også VØR kunne finsortere sjølve, men då på golvet.

3. Lars Tunheim er undrande og kritisk til at ei drenggrøft ved VØR sitt anlegg som skulle vore utført før bygginga tok til, må gjerast i ettertid. Vi må undre oss over Tunheim sin påstand, for det er inga slik grøft som måtte byggast i ettertid.

Geografiske skilnader

SSR sin hall er bygd for boset på Ytre Søre Sunnmøre. VØR sin hall er bygd for boset i Volda/Ørsta.

SSR har 6000 tonn som kan gjenvinnast.

VØR har 3500 tonn som kan gjenvinnast.

Gjennom verftsindustrien har SSR vesentleg meir industriavfall enn VØR, difor har SSR satsa på ein hall for industri. Private abonnentar slepp ikkje inn i SSR sin hall. VØR har bygd sin hall for det som er hovudtyngda av vårt avfall, frå private abonnentar. Difor er også hallen tilrettelagt for dei, i tråd med intensjonane som dei same kritiske politikarane har vedteke. Å blande industriavfall og tunge køyrety med private abonnentar er ikkje tilrådeleg.

Abonnementsavgift

Også SSR foreslår auke i sine avgifter for 1999. Men SSR har valgt å legge tyngda på industriavfallskundane, som dei har fleire av enn VØR.

Ein må også sjå på kva ein får for den avgifta som dei private abonnentane betaler:

Hjå VØR får ein levere fritt grovavfall, ikkje hjå SSR. VØR har innbakt ein pris på kr 189,50 pr år, medan abonnentane til SSR må betale ved levering

Hjå VØR kan abonnentane ha bosstativ 10 meter frå vegen, SSR abonnentane må sjølv bere boset til vegen. Helsetyresmaktene frårådde så seint som i mars 97 at bos skulle settast ved vegen og politikarane vedtok dagens ordning. Dermed har VØR ein innsamlingsordning som har vesentleg større servicegrad og meir reinsleg, men som óg er langt meir arbeidskrevjande og dermed kostameir.

Sluttsbehandlingsavgifta som staten krev inn frå 1999, skal dekkast inn over gebyra. Dette kallar VØR gebyrauke, men ikkje SSR. Dette utgjer for VØR 80% av auken. Tar ein med alle kostnader i gebyrgrunlaget får SSR ein auke på 18% og VØR 13%.

Overskridingar på hall

Tunheim påstår at VØR sin hall er vorte fleire millionar dyrare enn det som var opplyst til politikarane. Tunheim sitt millionfleirtal er 1,635 mill kroner, som det er søkt om låneopptak for.

Overskridingane ligg i vesentleg grad ikkje på sjølve hallen, men i tomtearbeidet ved endringar på massen som måtte takast ut. Til no har styret ikkje vore opptatt av å finne syndebukkar, men gode løysingar.

Straks leiinga og styre for VØR vart merksam på forholdet vart det gjort alt for å finne innsparingar/ reduksjonar som kunne minske overskridingane. Alt dette går fram av rapport som med det første vert oversendt kommunestyra. Rapporten viser óg atansvarlege organ vart halde løpande orientert om økonomien i prosjektet etterkvart som forhold vart avdekka.

Kritikk mot VØR


Styret og leiinga for VØR vil ta imot den kritikk som rettmessigt fell på dei. Men då må den bygge på faktiske forhold. Når kommunepolitikarar set fram kritikk mot eit interkommunalt selskap og ei lokalavis målbær den, må ein kunne vente at ein undersøker grunnlagsmateriale betre enn denne gongen. Politikarane som kritiserer bør kanskje også tenke over at dei har vore med når kommunestyra har vedteke rammevilkåra.

Dersom føremålet med studieturen var å betre tilhøva i VØR, vil vi som medpolitikarar beklage at vi ikkje vart invitert med på turen. Då kunne kanskje noko av feilinformasjonen vore unngått, og ein kunne saman kome med konstruktive innspel til den vidare utviklinga av VØR.

Volda / Ørsta 15.desember 1998

Styret for Volda / Ørsta Reinhaldsverk



Ove Lid
styreleiar


Ingrid Opedal


Geir Hole


Magnar Lid

Jorun Austrheim


Einar Flø
Leiar representantskap

Styrleiar Ove Lid og tillitsvalgt Magnar Lid vil kunne gje utfyllande kommentarar